

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 05.09.2014

Vår ref: 2014/2704 - 20395/2014 / G20

Dykkar ref:

**Framlegg om fjerna tilvising frå fastlegen når kvinnen begjærer
svangerskapsavbrot - høyring**

Vedlagt følgjer høyringsuttale frå Stord kommune.

Med helsing

Lars Helge Sørheim
Kommunelege

Saksnr
5/14

Utval
Komité for rehabilitering, helse og omsorg

Møtedato
28.08.2014

FRAMLEGG OM Å FJERNA TILVISING FRÅ FASTLEGEN NÅR KVINNA BEGJÆRER SVANGERSKAPSAVBROT - HØYRING

Framlegg til vedtak

Komite for rehabilitering, helse og omsorg støttar framlegg til endring av fastlegeforskrifta og abortforskrifta utan merknader.

Saksprotokoll i Komité for rehabilitering, helse og omsorg - 28.08.2014

Vedtak

[Komité for rehabilitering, helse og omsorg støttar framlegg til endring av fastlegeforskrifta og abortforskrifta utan merknader.](#)

Handsaming

Samrøystes vedteke

Habilitet:

Helge Vie, H stilte spørsmål om eigen habilitet då han er fastlege og tredje frå under handsaminga av spørsmålet. Vara var ikkje kalla inn.

Komiteen drøfta spørsmålet og fatta følgjande vedtak:
Vie vart samrøystes kjent inhabil, jf. fvl. § 6 bokstav b.

Rådmannen, 07.08.2014

Dokumentliste

I 27.06.2014 Helse- og omsorgsdepartementet Høring - forslag om å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort

Vedlegg

Høyringsbrev
Høyringsnotat

Innleiing

Helse og omsorgsdepartementet har sendt på høyring framlegg til endring i fastlegeforskrifta og abortforskrifta. Endringa gjeld i hovudsak følgjande:

- Fastlegar skal ikkje skriva under på skjemaet der kvinna begjærer abort eller leggja ved skriftleg henvising.
- Fastlegen skal gje kvinna informasjon og rettleiing etter abortlova og gjera naudsynte undersøkingar m.a. for å fastsetja kor lenge svangerskapet har vart.
- Fastlegen skal senda kvinna si begjæring om abort saman med naudsynte medisinske opplysningar til spesialisthelsetenesta
- Kommunen sitt ansvar for å syta for at fastlegane sin praksis er i tråd med regelverket er gjort tydelegare

Saka gjev ikkje endringar i abortlova som endrar kvinna sin rett til sjølvbestemt svangerskapsavbrot.

Saksutgreiing

Helse og omsorgsdepartementet hadde i vår på høyring eit framlegg om å gje fastlegar høve til å reservera seg mot å tilvisa til abort. Framlegget møtte stor motstand i høyringa.

Det nye framlegget skal sikra kvinnene sine rettar og ta omsyn til legar som av samvitsgrunnar, finn det vanskeleg å tilvisa til abort. Ved begjæring om svangerskapsavbrot skal fastlegen ikkje henvisa kvinna, men senda begjæringa hennar saman med relevante og naudsynte medisinske opplysningar dit ho ønskjer inngrepet skal utførast.

Grunntanken bak fastlegeordninga er at pasientane skal ha ein fast lege som gjev eit heilskapleg tilbod av allmennmedisinske tenester og som følgjer pasienten over tid. Departementet presiserer og at ordninga med felleslister ikkje skal opna for at fastlegar kan fordela oppgåver seg imellom av samvitsgrunnar. Det er høve til å fordela oppgåver av omsyn til kvaliteten på helsehjelpa. Fastlegar utan fellesliste kan og avtala eit fagleg samarbeid.

Kommunen skal syta for at folk får eit forsvarleg tilbod av allmennlegetenester der fastsette kvalitets- og funksjonskrav vert stetta. Det vert no presisert at kommunen må syta for at tenestene er i tråd med krav i lov- og forskriftsverk.

Departementet tilrår å styrkja informasjons- og rettleiingstilbodet for å supplera tilbodet som fastlegane skal gje. Eitt tiltak kan vera gjennom eit felles nasjonalt grønt telefonnummer som vert utvida til informasjon om abort og tiltak ved uønska graviditet eller kvar ho kan få anna rådgivingsteneste om kvinna ønskjer det.

Det vert og tilrådd ulike tiltak kring abortmottaket i spesialisthelsetenesta ved at retten til å venda seg direkte til sjukehuset for informasjon og rettleiing eller for å få inngrepet utført, vert synleg og praktisert på ein god måte i helseføretaka.

Vurdering

I det aktuelle framlegget til lov og forskriftsendring har departementet teke omsyn til viktige sider som kom fram i høyringsrunden om reservasjonsrett for fastlegar. Det vert lagt til rette for betydeleg mindre byråkrati og oppfølging. Endringane er no i stor grad knytt til begjæring om svangerskapsavbrot og tiltak for å verna om kvinna sin rett. Tilvising er teken bort og skjema skal endrast i høve til dette. Med bakgrunn i dette må ein kunne forvente at alle fastlegane såleis kan gje eit fullverdig tilbod.

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at framlegg til endring av fastlegeforskrifta og abortforskrifta vert støtta utan merknader.